



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/173222-2

Dykkar referanse:
16/2015 –
16/14402

Vår dato:
01.12.2016

Uttale – Dispensasjon frå reguleringsplan – Mellombels bruksendring – gnr. 78 bnr. 7 – Solheim Austre – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 10. november 2016.

Kva saka gjeld:

Saka gjeld dispensasjon for 5 år frå arealføremål næring for mellombels bruksendring av kontorbygg til hybelbygg. Bruksendringa skal gje bustad / hybel til 16 personar. Eigedomen har tilknytning til fylkesveg 565 via kommunal veg.

Det er opplyst at det er gitt dispensasjon for tiltaket også i 2005 og 2011.

Arealet er regulert gjennom *Olsvollstranda næringsområde* (2014). Denne planen avløyste ein tilsvarende plan frå 1972.

Det er Radøy kommune som er planmynde og avgjer søknader om dispensasjon frå godkjent plan. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ei uttale til saka.

Uttale:

Området er regulert gjennom reguleringsplan for *Olsvollstranda næringsområde* (2014). Veganlegget er ikkje opparbeida i samsvar med plan, og er heller bygd etter ein gamal plan frå 1972. Avkøyrsløse til kommunal veg er ikkje regulert gjennom dei to planarbeida, og det er ikkje opplyst kor tid avkøyrsløse til kommunal veg er opparbeida.

Det er knytt rekkefølgekrav til opparbeiding av nytt kryss til fv. 565, men dette gjeld for tiltak i andre / ubygde områder av reguleringsplanen.

Trafikkmessige vurderingar må ligge til grunn for vedtaket, og kommunen må vurdere saka etter § 43 i veglova og ta dette inn i saksutgreiinga. Som minimum meiner vi det må vere tilstrekkeleg sikt i krysset mellom fv. 565 og kommunal veg etter dagens krav. Siktkravet i reguleringsplan for Olsvollstranda er til dømes at ein skal sjå 132 meter til kvar side av vegbana 10 meter inn i avkøyrsla. Også avkøyrsla til kommunal veg må vurderast om den støttar dagens krav til utforming.

Det er søkt om mellombels løyve på fem år. Samstundes har tiltaket eksistert sidan 2005. Vi meiner at tiltaket har meir karakter av å vere permanent og bør behandlast som dette.

Vi ber om å få Radøy kommune sitt vedtak sendt over for klagevurdering.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.